



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 29.12.2016  
Vår ref.: 2016/34709-3  
Saksbehandlar: inggase  
Dykkar ref.:

## **Kulturminnefagleg fråsegn i høve søknad om frådelling av areal til fritidsbustad og naust - Hundvin gnr 56 bnr 15 - - Lindås kommune**

Vi viser til e-post datert 05.12.2016 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormynde innan kulturminnevern.

Saka gjeld søknad om frådellig av eigedom og istandsetting av verneverdig våningshus på gnr. 56, bnr. 15 i Lindås kommune.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi gjer merksam på at det på eigedommen gnr. 56, bnr. 15 er ei verneverdig lemstove, SEFRAK-nr. 1263-0013-062, som kan vere eldre enn 1850. Eventuelle tiltak på eigedommen er difor meldepliktig, jf. kulturminnelova § 25. Vi rår til at kommunen informerer tiltakshavar om at dei kan ta kontakt med Museumssenteret i Hordaland, som kan gje faglege råd i høve istandsetting av lemstova. Vi minner elles om at ein kan søke kulturminnefondet om tilskot til istandsetting, <http://kulturminnefondet.no/>

For andre spørsmål knytt til kulturminnevern, sjå. <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/>. Har dykk ytterlegare spørsmål utover dette, ta kontakt med Inger Lena Gåsemyr, [inger.lena.gasemyr@hfk.no](mailto:inger.lena.gasemyr@hfk.no).

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*